

PROGRAM FOR TIME SV 2023-2027

Sosialistisk Venstreparti i Time går til val mot aukande forskjellar, mot øydelegging av matjord, klima og natur, og for gode og trygge lokalsamfunn. Me vil ha lokalsamfunn for dei mange – ikkje for dei få.

Me ønskjer eit samfunn med små forskjellar og sterke fellesskap, der alle er inkludert og me tar vare på kvarandre. Alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, etnisk opphav, seksuell orientering og økonomi.

Me har vore gjennom ei tøff tid med pandemi, auka straumprisar og no dyrtid. Me vil møta mange utfordringar framover. SV vil alltid jobba for å ta vare på tenestene og sørga for ei trygg styring av kommunen.

- 1. Natur og klima**
- 2. Eit variert næringsliv med eit levande landbruk**
- 3. Gode lokalsamfunn**
- 4. Ein god oppvekst**
- 5. Ein inkluderande kommune**
- 6. Trygge helse- og omsorgstenester**
- 7. Idrett og kultur for dei mange**
- 8. Trygt og føreseieleg arbeidsliv**
- 9. Eit sterkare fellesskap og levande lokaldemokrati**

1. Natur og klima

Time har ein rik natur, som gir oss livsgrunnlag og livskvalitet. Time kommune har derfor også eit stor ansvar for å ta vare på naturen. I dag forsvinn naturmangfald gjennom arealinngrep og nedbygging. Vindkraftanlegg, vegar og andre arealkrevjande inngrep fører til store tap av natur. For Time SV er det viktig å unngå store inngrep i naturen, avgrensa skader, reparera oppståtte skader og kompensera for uunngåelege skader. Viktige naturtypar som myr lagrar karbon og sørger for naturleg avrenning, og treng eit særleg vern.

Matproduksjon og livsgrunnlag i Time er trua av global oppvarming. Me må gjera det me kan for å redusera klimautslepp, binda karbon i jord og natur, og tilpassa oss klimaendringane.

All samfunnsplanlegging må legga grunnlag for at me skal kunna leva gode liv også i framtida. Busetting, transport og næringsverksemd må innrettast slik at me forbruker mindre ressursar, legg beslag på mindre areal, tar godt vare på eksisterande bygg og infrastruktur, og kuttar klimautslepp. Time SV vil vera ein pådrivar for dette.

SV vil:

- ta vare på naturmangfaldet og gå imot nedbygging av natur- og friluftsområde i kommunen
- stoppa den planlagde nedbygginga av naturområde og matjord på Kvernaland
- gjennomgå kommunen sin arealplan og vurderer å føra planlagde utbyggingsområde tilbake til landbruk, natur og friluftsområde.
- innføra arealrekneskap for å få betre oversikt over arealbruken og tilstanden til naturen.
- prioritera fortetting framfor nye bustadområde
- stilla krav om betre utnytting av allereie eksisterande nærings- og bustadområde, særleg rundt Bryne og Kvernaland
- at ledige lokale og eigedommar må utnyttast før ein regulerer og byggjer nytt
- gå imot vindkraftutbygging i naturen
- verna viktig natur som bind karbon eller dempar flaum
- bygga uteareal i skulegardar og barnehagar med naturmateriale
- fasa ut bruk av gummigranulat i kunstgrasbaner og gummiunderlag på leikeplassar og minimera avrenning av mikroplast frå eksisterande anlegg
- legga til rette for at barnehagar og skular kan bruka naturen som læringsarena
- ta godt vare på det me har. Rehabilitering og godt vedlikehald av bygg og infrastruktur skal prioriterast foran nybygg.
- stilla strenge miljø- og kvalitetskrav til all bygging og rehabilitering av offentlege bygg.
- satsa på fornybare energikjelder til oppvarming
- legga til rette for solenergi på eksisterande og nye bygg

- føreslå å bruka grøne tak i nye byggeprosjekt
- redusera unødvendig bruk av plast og hindra plastforsøpling
- fasa ut unødvendig bruk av eingongsprodukt i kommunale verksemdar
- at kommunale fond ikkje skal investerast i fossil energi
- innføra klimabudsjett som rullerast årleg
- vurderer kommunale støtteordningar for gode private klimatiltak
- sikra at innbyggjarane har tilgang til turstiar og natur- og friluftområde nær der dei bur
- innføra årleg pris for arbeid for natur- og miljøvern
- at me skal førebu oss på meir ekstremvêr, takla flaum, ekstremnedbør og tørke.
- førebygga og dempa verknadene av flaum ved å merka byggegrenser mot flaum, opna vassdrag og bekkar for å leia vatn naturleg og etablera nye vass-spegl og fordrøyingssonar.
- bevara og planta tre som høyrer til lokalt. Tre verkar temperaturregulerande under hetebølger, aukar naturmangfaldet og betrar lokal trivsel
- styrka kompetanse og ressursar i kommunesektoren for å ta vare på artsmangfaldet, sikra vassressursane, ivareta naturressursgrunnlaget og styrka matproduksjonen.
- leggja til rette for at innbyggjarane kan kompostera eige matavfall for å laga karbonrik matjord

2. Eit variert næringsliv med eit levande landbruk

Time har eit variert næringsliv knytt til landbruk, industri, handel, handverk og tenesteytande næring. Matproduksjonen utgjer grunnlaget for mykje anna næringsliv, og er samtidig avgjerande for nasjonal beredskap og levande lokalsamfunn. Bøndene i Time driv i ei næring med store ringverknader for industri og næringsliv i både kommunen og i regionen elles.

Time SV vil ha eit levedyktig landbruk. Berre 3 % av norsk landjord er dyrka mark. Time er ein av dei viktigaste jordbrukskommunane i Noreg, og me har eit stort ansvar. Vern av matjord er viktig for å sikra nasjonal matberedskap og trygg, kortreist mat. Time har i dag eit jordvernmål som tillet alt for mykje nedbygging og som er altfor høgt samanlikna med det nasjonale jordvernmålet.

Time SV ønsker å gå gjennom dagens arealplanar på ny og sjå på moglegheiter for tilbakeregulering til landbruk. Bonden må oppleva gode og føreseielege rammer. Det skal vera attraktivt å vera bonde i Time.

Avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ressursløyning og reduserer kvaliteten i vassdraga våre. Reint vatn og rein luft og jord er eit grunnleggande vilkår for framtidig matproduksjon og næringsutvikling. Jordbruket må derfor ha miljøvennlege driftsformer, med redusert avrenning til vatn.

Innovasjon, omstillingsevne og drivkraft kjenneteiknar det jærseke næringslivet. Time SV vil skape føreseielege rammevilkår for næringslivet og for gründarar som vil skapa nye arbeidsplassar og bedrifter, samtidig som me ønsker å ta vare på matjord og natur. For å få til det er det nødvendig med god dialog og samarbeid.

Me treng næringslivet på lag for ei grøn og berekraftig framtid. For å kutta klimautslepp og redusera nedbygging av natur og matjord, er det viktig at næringslivet brukar si omstillingsvilje og innovasjonskraft og er med på å sjå moglegheiter. SV vil støtta forsking og forsøk som kan bidra til grøn og berekraftig næringsutvikling.

Velferdsstaten er ein viktig grunn til at det går godt med norsk næringsliv. Den sørgjer for at me har arbeidsfolk med kompetanse, at fleire kan delta i yrkeslivet og at me har eit tryggingnett som gjer at folk tør å satsa.

SV vil:

- at landbruket får gode og føreseielege vilkår
- at matjord ikkje skal bli bygd ned
- stoppa bruken av opsjonsavtalar på landbruksjord
- vera strenge på dispensasjon for gjødselspreiing

- ha redusert avrenning frå jordbruket til vassdraga våre
- samarbeida med landbruksnæringa om innsamling av landbruksplast
- verna viktige skogområde og innføre meldeplikt for hogst
- sikra gode vilkår for landbruket i kommunen for å snu trenden med nedlegging, slik at me får utnytta ubrukt matjord til matproduksjon
- støtta overgangen til grønne arbeidsplassar
- jobba for å tiltrekka oss statlege og bustadsuavhengige arbeidsplassar.
- utnytta dagens næringsareal og næringsbygg betre
- stilla tydelege miljøkrav til industri og næringsliv som vil etablere seg i kommunen
- leggja til rette for at næringslivet tar inn fleire lærlingar
- arbeida for at næringslokale i Bryne sentrum ikkje står tomme over lang tid
- at kommunen sin innkjøpspolitikk favoriserer norske (mat)varer, gjerne lokalproduserte

3. Gode lokalsamfunn

Gode lokalsamfunn er stader der menneske trivst – der det er tilgang til gode offentlege tenester, gode arbeidsplassar, naturområde, gode bustader og møteplassar.

Varsam vekst gir ei meir berekraftig utvikling. Framfor ein rask og ukontrollert vekst, bør me ha ei planmessig utbygging. Det må vera samsvar mellom talet på bustader og tilgangen på offentlege tenester som skule, barnehage og helsetenester.

Det er viktig å ta vare på historia vår, den er med på å skapa identitet og ei kjensle av å høyra til. Time SV vil verna om kulturarven vår, slik som fortidsminne, jærhus og andre viktige bygningar. Time har ei stolt industrihistorie tufta på landbruket og SV ønsker å verna enkelte av industribygga frå gamle Kverneland fabrikk på Kverneland. Time bygdemuseum er ein viktig formidlar av kommunens kulturarv. Fotland mølle er eit viktig historisk minnesmerke over mølleverksemda.

Time SV vil styrka kollektivtilbodet i Time og gjera det lettare og meir attraktiv å sykla og gå. Time kommune treng fleire trygge gang- og sykkelveggar, og eit godt utbygd og rimeleg kollektivtilbod. Budsjettet for drift og vedlikehald av gangveggar, sykkelveggar og buss må aukast.

Time SV ønsker å tryggja vegane i kommunen og vil jobba for utbetring av desse. Ålgårdsvegen er den farlegaste vegen på Jæren, og det er på tide at den blir forbetra. Me vil utbetra farlege kryss framfor å bygga nye veggar som stimulerer til meir trafikk.

Dobbeltspor mellom Sandnes og Nærbø vil minska klimautslepp og gje avgangar kvart 15. minutt mellom Nærbø og Stavanger i rushtida. På sikt ønsker me dobbeltspor på heile Jærbanen, og det må veljast ein trasé som tek minimalt av matjord og sårbar natur. Ei opning av Ålgårdbanen vil ha positiv effekt for heile regionen. Ålgårdbanen må derfor ha første prioritet i vurdering av infrastrukturprosjekt.

Time er berre ein liten del av ein stor bustads- og arbeidsmarknad som går frå Stavanger til Hå. Framover må me tenka utbygging meir regionalt. Me må tenka fortetting før me byggjer ut nye bustadområde. Tettstadane langs Jærbanen har eit stort potensial for fortetting. Vidare utbygging i Time må skje planmessig og utan at me tar av matjorda eller verneverdig natur.

Noreg og Time manglar ein sosial bustadpolitikk. Marknaden rår, samtidig som leviekostnadane stig. Dette rammar særleg dei med dårleg råd og dei i etableringsfasen. Det er viktig at Time eig ein del bustader som kan leigast ut til dei som ikkje kan kjøpa seg ein stad å bu. SV vil jobba for leige til eige-løysningar som

gjere at fleire kan koma seg inn på bustadmarknaden.

SV vil:

- dempa utbyggingstakta på Bryne og Kvernaland
- at utbygginga skal samsvara med tilgang til offentlege tenester
- etablera møteplassar der eldre og yngre kan treffast
- ha ei langsiktig by- og arealplanlegging som legg stor vekt på miljøvennlege løysingar. Folk kan bu tettare, og framleis godt.
- at alle nye offentlege bygg skal vera lågutsleppsbygg
- verna om og ta i bruk viktige kulturelle, arkitektoniske og historiske bygg i kommunen
- verna om kulturminne og sørge for at dei er godt skilta og tilgjengelege for alle
- ha fleire bussavgangar mellom Bryne - Kvernaland, Bryne - Hognestad og Bryne - Undheim
- vurderer kollektivtransportalternativ som koblar tettstadane våre meir saman
- jobba for utplassering av bysyklar på Kvernaland, Hognestad og Lye.
- gjere det lettare å bruka sykkel
- jobba for dobbeltspor på Jærbanen
- gjenopna Ålgårdbanen
- ha fleire togavgangar på heile Jærbanen
- innføra bonusordning for kommunetilsette som sykklar til jobb
- at barn og unge skal reisa gratis med kollektivtransport i kommunen
- at HjemJobbHjem-ordninga skal gjelda for dei som arbeider i Time
- rusta opp eksisterande vegnett i staden for å byggja nye vegar
- arbeida for utbetring av Ålgårdsvegen
- arbeida for fleire trygge gang- og sykkelveggar
- byggja utleigebustader for dei som ikkje kan kjøpa seg husvære
- arbeida for leige til eige slik at fleire kan eiga sin eigen bustad.
- auka talet på kommunale bustader gjennom nybygg og oppkjøp, og ha ein rimeleg leigepris på desse
- gjere det mogleg for dei med låg inntekt og dei i etableringsfasen å skaffa eigen stad å bu
- jobba for gode bustadområde for eldre og for innbyggjarar med funksjonshemming

4. Ein god oppvekst

Ein god barndom varer heile livet. SV vil ha solide og trygge tenester som sikrar barna kvalitet i oppveksten. Her er barnehagar og skular, helsestasjon barnevern og familiesenter sentrale aktørar.

Me vil ha tverrfagleg samarbeid mellom alle tenestene som jobbar med barn og unge, for å skapa stabilitet og god omsorg. SV vil kjempa mot at barn veks opp i fattigdom. Fattigdom fører til isolasjon og utstøytning. Me vil sikra at barn som veks opp i fattigdom ikkje fell utanfor.

Gode, universelle velferdstenester er eit sikkerhetsnett for alle, og særleg viktige for familiar med låg inntekt. Førebyggjande tenester som helsestasjon, skulehelseteneste og fritidsklubb må styrkast. Målet er at kvar skule skal ha helsesjukepleiar tilgjengeleg dagleg.

I Time kommune skal me driva gode hjelpetenester for barnefamiliar sjølv, og ikkje basera oss på private kommersielle aktørar.

Barnehage

Barnehagen er ein viktig arena for sosialisering, språkutvikling, leik og læring. Gratis kjernetid i barnehagen vil gjera tilbodet tilgjengeleg for fleire. Kommunen må aktivt gjera barnehagetilbodet betre kjent, særleg blant foreldre med minoritetsbakgrunn.

Den storstilte barnehageutbygginga har sikra alle barn plass i barnehage. Framover er det viktig å fortsetta styrkinga av kvaliteten. SV ønskjer fleire barnehagelærarar og fagarbeidarar i barnehagane, og kjøkken- og kontorstillingar som avlastar dei, slik at dei får brukt mest mogleg tid saman med barna.

SV vil at barnehagar skal drivast av kommunen og ideelle aktørar. Me går imot profittdrivne barnehagar, der delar av det offentlege tilskottet og foreldrebetalinga hamnar i lommene til eigarane. Nye barnehagar skal helst vera kommunale. Barnehagen skal vera ein viktig arena for å sikra integrering og språkleg og kulturell kompetanse og mangfald.

SV vil:

- auka talet på vaksne i alle barnehagar utover minimumsnormen
- at bemanningsnormen skal gjelda på avdelingsnivå og i heile opningstida
- sikra rekruttering av barnehagelærarar og fagarbeidarar gjennom stipendordningar og andre gode
- styrka dei tilsette sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning
- auka rammene for bruk av tospråklege assistentar
- styrka tilbodet til barn med spesielle behov

Skule

SV vil arbeida for at alle ungar skal læra, lukkast og trivast på skulen. Nærskulen er viktig for lokalmiljø og for å ha levande bygder. SV vil styrka alle skulane i Time. Hognestad skule skal rustast opp for framtida.

Det er viktig at alle ungar opplever meistring. Derfor treng me ein skule med nok ressursar, nok lærarar og kunnskap, framfor konkurranse og kutt. Skulen skal ikkje vera ein salderingspost. Investering i elevane gir den beste avkastinga i framtida. Derfor må me må bruka meir ressursar på skulen og elevane framover.

Lærarane må få tillit, tid og rom til å gjera jobben. Det betyr færre elevar for kvar lærar, meir tid til kontaktlæraroppgåva og færre krav til dokumentasjon og byråkrati. Høg lærartettleik gir meir læring og auka tryggleik for elevane. Små klassar gjer at fleire elevar blir sett og får den oppfølginga dei treng. SV vil styrka ressursane i alle førsteklassar, og skulane skal ha egne sosialpedagogisk team.

SV vil ha ein meir variert skuledag med meir tid til praktiske og estetiske fag og meir fysisk aktivitet. Det vil gi betre læring, ein betre skuledag for elevane, ein betre arbeidsdag for lærarane og ein betre kvardag for familiane. På lengre sikt vil SV at alle skular skal ha tilbod om gratis skulemat og frukt.

SV vil arbeida for at SFO etter kvart skal bli ein del av skulen, og dermed gratis. Erfaringar har visst at gratis SFO fører til at fleire barn bruker SFO og det er med på å utjamna forskjellar og forebygge utanforskap. SFO skal vera ein stad der ungane kan leika og knyta venskap.

SV vil:

- arbeida for å gjera SFO gratis
- ha krav til innhald og kvalitet i SFO
- styrka samarbeidet mellom SFO, kulturskulen og andre fritidsaktivitetar
- sikra at fleire tospråklege barn deltar i SFO
- sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit utvida SFO-tilbod utover dei fire første åra
- gi lærarane tillit og handlingsrom
- ha kvalifiserte og dyktige lærarar i Time-skulen
- ha mindre klassar og færre elevar per lærar
- auka kontaktlærarressursen
- at elevane skal ha fri etter skuletid
- at alle aktivitetar i skulen sin regi skal vera gratis
- styrka språkopplæringa av minoritetsspråklege barn
- at alle skulane skal ha tilgang til sosialpedagogiske team
- sørge for at tilsette i barnehage, skule, SFO og PPT har moglegheit for å ta kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- styrka førsteklassane med personalressursar

- styrka skulehelsetenesta og kommunen si pedagogisk-psykologiske teneste (PPT)
- ha ein meir praktisk og variert skule
- støtta samarbeid mellom skule, idrettslag, kulturskulen og andre barne- og ungdomslag i nærmiljøet
- ha trygge skuleveggar
- ha nye og oppdaterte læreverk, både trykte og digitale
- at digitale undervisningsressursar skal vera universelle og på nynorsk
- seia nei til private skular

Barnevern

Alle kan ein eller annan gong i livet koma i ein vanskeleg livssituasjon, der dei har behov for hjelp og støtte til å ivareta omsorgsbehovet til eigne barn. I slike tilfelle har barnevernet eit ansvar for å hjelpa familien. For å kunna gjera det på ein god og trygg måte, må barnevernstenesta ha nok folk, nok tid, nok tilgjengelege tiltak å bruka og gode nok rammer til å skreddarsy hjelpa til det enkelte barnet og familien. SV vil sikra at barneverntenesta har gode nok rammevilkår til å utføra lovpålagde oppgåver, og at dei har dei ressursane og den bemanninga som må til.

Gjennom barnevernsreforma som vart innført i 2022 fekk kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Kommunane fekk fullt økonomisk ansvar for statlege barnevernstiltak og ordinære fosterheimar, og eit heilskapleg ansvar for å følgja opp og rettleia fosterheimar. Dette er ei stor oppgåveflytting som utfordrar tenestene, og SV vil jobba for tenestene sjølv skal kunne utføra og ivareta alle desse oppgåvene utan innleige av private kommersielle aktørar.

SV vil:

- auka bemanninga i barnevernet og jobba for at sakshandsamarane har færre saker enn dei har i dag
- sikra god kompetanse i barnevernet
- at barneverntenesta skal ha tilgang til tiltak drive av det offentlege for å kunna skreddarsy hjelpa til den enkelte.
- styrka rekrutteringa og oppfølginga av fosterheimar
- sikra gode etterverntilbod til unge opp til 25 år
- sikra at kommunen sitt førebyggjande ansvar vert ivaretatt.
- ha gode førebyggjande hjelpetenester for barn og familiar, slik som til dømes familiesenteret

5. Ein inkluderande kommune

Det skal vera godt å bu i Time kommune og alle skal ha ein god barndom og oppvekst uavhengig av funksjonsnivå, hudfarge, seksuell orientering og kor i verda ein kjem frå.

Time SV vil at fleire flyktningar frå ulike konfliktområde skal verta busett i Time kommune. Dette er god integreringspolitikk, fordi flyktningane då kan koma i gang med utdanning og arbeid.

Ingen skal bli utsett for rasisme i Time kommune. Likevel melder både vaksne, barn og ungdom at dei har opplevd rasisme og annan diskriminering. Time SV vil kjempa mot fordommar og haldningar som bidrar til rasisme og jobba mot rasisme og hatefulle ytringar i kommunen.

Time skal vera ein inkluderande kommune der alle har tilgang til tenester og bygningar. Universell utforming er viktig for å hindra diskriminering og utestenging av funksjonshemma.

SV vil:

- styrka kommunen sin innsats for integrering av flyktningar, særleg med tanke på mindreårige flyktningar
- styrka den barnefaglege kompetanse i flyktningtenesta
- skapa møteplassar på tvers av kultur, alder og bakgrunn
- ha lågterskeltilbod for opplæring av digitale tenester
- kjempa mot rasisme og hatefulle ytringar i Time kommune
- at norskopplæringa for vaksne innvandrarak skal vera på nynorsk
- ha universell utforming av alle skular og andre viktige tenestetilbod og av fleire leikeplassar
- sikra at alle innbyggjarar skal kunna oppleva natur og vera fysisk aktive, uavhengig av funksjonsnivå
- markera og feira mangfaldet i kommunen, mellom anna ved å flagga i samband med Skeivå Rogaland Pride

6. Trygge helse- og omsorgstenester

Helse- og omsorgstenestene skal vera der når folk treng dei. For at tenestene skal ha kvalitet, må dei tilsette ha gode vilkår, og dei som bruker tenestene må bli høyrte.

SV vil arbeida for å sikra innbyggjarane i kommunen eit best mogleg tenestetilbod gjennom offentleg finansiering og styring. Det må vera betre samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Bemanninga må vera tilstrekkeleg til å ivareta den enkelte pasienten eller brukaren.

Brukarmedverknad skal vera eit berande prinsipp i utviklinga av omsorgstenestene. Brukarane og dei pårørande sine erfaringar og kunnskap er viktige supplement til den helsefaglege kunnskapen.

Kommunen skal leggja til rette for at dei eldre skal få leva aktive og gode liv. Eldreomsorga skal ha eit variert tilbod tilpassa ulike behov. Me vil leggja til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som mogleg, samtidig skal dei som treng sjukeheimplass få det.

Menneske med psykiske lidningar må få god oppfølging når dei blir utskrivne frå behandling i spesialisthelsetenesta. Alle med rusproblem må få eit raskt tilbod om avrusing, behandling, oppfølging og rehabilitering. Samhandlinga mellom ulike tenesteområde må styrkast. Menneske med rusproblem må få ei tett og individuelt tilpassa oppfølging. SV meiner at tilbodet også må innehalda satsing på medikamentfrie tilbod, legemiddelassistert rehabilitering og tilrettelagt bustad.

Foreldre med barn med alvorlege sjukdommar eller nedsett funksjonsevne skal sleppa å slåst mot systemet. Me ønskjer betre koordinert helsetilbod til desse foreldra og barna deira.

Helsestasjonane er viktige for å gje familiar tryggleik og støtte dei første leveåra til barnet. Dei er ein møtestad for foreldre med små barn og det er viktig at dei tilsette har god tid til å snakka med foreldra. Samtidig er helsestasjonane ein viktig instans for å førebygga og avdekka av vald og overgrep mot barn. Me skal derfor sørga for at helsestasjonen har nok ressursar og kunnskap til dette arbeidet.

SV vil:

- seia nei til privatisering og konkurranseutsetting av helsetenester
- jobba for å styrka fastlegeordninga og etablera kommunale legesenter
- gje meir tid og tillit til dei tilsette i helsetenestene i samarbeid med tillitsvalde
- sikra innbyggjarane gode og tilgjengelege tenester der dei bur
- styrka dei tilsette sin kompetanse gjennom etter- og vidareutdanning
- sørga for at det finst dagsenter og andre møteplassar for eldre i lokalmiljøet

- at faglege vurderingar, og ikkje ønske om innsparing, skal vera avgjerande ved tildeling av heimetenester
- sikra at bebuarane sine ulike kulturbakgrunnar blir ivaretatt i institusjonen
- arbeida med førebyggjande rusomsorg og styrka ettervernet – ein stad å bu og stabilitet i livet er avgjerande for å lukkast med behandling
- jobba for at menneske med funksjonshemming eller kronisk sjukdom får eit godt helse- og omsorgstilbod
- jobba for eit betre koordinert helsetilbod til foreldre som har barn med alvorlege sjukdommar eller nedsett funksjonsevne
- jobba for å etablere bufellesskap for innbyggjarar som treng det, når dei treng det og med mest mogeleg nærleik til trygge relasjonar.
- styrka helsestasjonane og jordmortenesta i kommunen
- styrka skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom

7. Idrett og kultur for dei mange

Kunst, musikk og annan kultur gjer samfunnet rikare på opplevingar og stimulerer dei skapande evnene våre. Kunst og kultur har ein eigenverdi, men også store positive ringverknader.

SV vil styrka kulturpolitikken i kommunen og ønsker at kulturaktørar og andre frivillige organisasjonar får betre rammevilkår. Det er behov for fleire tilrettelagte lokale for kultur i kommunen, og det må bli lettare og billegare å leiga.

Time SV ønskjer vidare satsing på Storstova. Ho må fyllast av lokal og nasjonal kunst og kultur. Korps, teatergrupper og andre kulturaktørar har lenge hatt behov for og ønske om ein stad der dei kan samlast til konsertar, teaterframsyningar og anna. Kulturorganisasjonar for barn og ungdom bør få leiga Storstova og andre scener billegare enn i dag. Storstova skal rustast opp til å bli den viktigaste kulturscena på Jæren.

SV er særleg opptatt av at barn og unge skal få å oppleve og utøva kultur. Målet vårt er at alle barn som ønskjer det, skal få plass i Time kulturskule, og at kulturskulen skal vera mangfaldig, rimeleg og halda eit høgt fagleg nivå. SV vil styrka samarbeidet mellom skulen, kulturskulen og andre kulturaktørar. Me vil òg jobba for nye og tilrettelagte lokale for kulturskulen. Dette vil styrka både kulturskulen og resten av musikk- og kulturlivet i Time. SV vil i perioden jobba for eit nytt kulturskulebygg, helst i sambruk med andre kulturinstitusjonar. Fram til då bør kulturskulen kunna bruka dei ulike kommunale scenene gratis.

Alle skal barn få delta i kultur og idrett. Å sikra at det skjer er ei kommunal oppgåve. Alle kan slita økonomisk ein periode, derfor er det viktig at det offentlege, som har teieplikt, administrerer dette. SV vil etablera eit kommunalt fond der organisasjonar og lag kan få dekkja kontingenten og utstyret til dei som har økonomiske utfordringar.

SV vil:

- styrka Time som nynorskkommune
- løfta og styrka musikk- og kulturlivet i kommunen
- jobba for at Storstova framleis skal vera eit kulturhus for alle kulturelle aktørar i kommunen
- at kulturskulen i Time skal få nye, tilrettelagte lokale som skal vera med på å løfta alle musikk- og kulturorganisasjonane i kommunen.
- ha lågare prisar i kulturskulen
- etablera eit kommunalt fond der organisasjonar og lag får pengar til å betala kontingent for dei som har økonomiske utfordringar.

Idrett og fritid

Idretten er helsebringande og ein viktig sosial arena for både vaksne og barn. Det er viktig at ingen blir utelukka frå å delta på grunn av kontingenten. Denne må settast ned, og tilskot frå kommunen må øyremerkast breiddeidretten.

Symjebassenga i Time har for dårleg kapasitet og er i dårleg forfatning. SV vil arbeida for å få bygd ein ny kommunal symjehall.

Det skal vera gode fritidstilbod for alle i Time, og kommunen skal vera ein tilretteleggjar for organisasjonar og lag.

Mange fritidsaktivitetar kostar mykje å delta på, og fleire vel å slutta på aktivitetane framfor å be om redusert betaling. Derfor må aktivitetar og tenester vera rimelege, helst gratis, for alle.

Time bibliotek er ein verdifull møtestad for heile kommunen, med mange spennande arrangement og aktivitetar for både barn og unge, vaksne og eldre. Dette ønskjer me å styrka. Saman med Garborgsenteret løfter biblioteket Bryne som kulturby. Garborgdagene er eit døme på dette. Me vil òg jobba for at biblioteket blir meir tilgjengeleg for fleire i kommunen, også på Lye og Kvernaland.

SV vil:

- byggja ein ny symjehall på Bryne så fort som mogleg
- sjå til at breiddeidretten har gode kår.
- leggja til rette for at organisasjonar og lag kan nytta kommunale bygg utan kostnad
- styrka Time bibliotek og jobba for bibliotekløysingar på Lye og Kvernaland
- jobba for at alle menneske med funksjonsnedsettingar får moglegheit til å ha ei aktiv fritid.
- redusera eigenbetaling i kulturskule og idrettsaktivitetar
- at fritidsarenaer skal vera trygge, universelle og inkluderande for alle, uavhengig av familien sin økonomi
- støtta initiativ som "Open hall" og "Sommar-Time".

Ungdomsdeltaking

Det er viktig at det finst eit allsidig fritids- og aktivitetstilbod i kommunen, slik at alle unge finn noko dei trivst med og meistrar. Fritidsklubbar, idrettslag, organisasjonar og uorganisert verksemd bidrar til auka trivsel, engasjement og inkludering. Deltaking er ein føresetnad for å høyra til. SV meiner det må leggjast stor vekt på rekruttering av ungdom med minoritetsbakgrunn. Ungdom med funksjonshemming skal kunna delta saman med funksjonsfriske og ha eigne tilrettelagte fritidstilbod. Aktivitetstilbod skal vera likeverdige, ikkje påverka av bustad og økonomi.

SV vil:

- styrka fritidsklubbane, og jobba for at dei skal ha ope fredagar og laurdagar.
- støtta arrangement og prosjekt innanfor film, teater, musikk, dans og andre kulturuttrykk der ungdom er initiativtakarar, deltakarar, utøvarar eller målgruppe
- støtta aktivitetar som prioriterer å inkludera ungdom med innvandrarbakgrunn
- involvera ungdom i styring og drift av fritidstilbod
- sikra ressursar til kulturelle, sportslege og sosiale fritidstilbod
- støtta forum for ungdoms demokratiske deltaking og meningsytringar

8. Trygt og føreseieleg arbeidsliv

Time kommune skal vera ein god arbeidsgjevar med tillit til sine tilsette. SV jobbar for trygge, faste stillingar og vil skapa ein heiltidskultur i kommunen.

SV vil at Time kommune utfører flest mogleg av tenestene i eigen regi, stundom i godt samarbeid med frivillige. Me vil ha mindre bruk av innleigde vikarar og bruk av private kommersielle selskap. Me vil heller ha vikarpoolar med faste tilsette.

Me vil få ned sjukefråværet i kommunen, først og fremst ved å forbetra arbeidsdagen til den enkelte. Grunnbemanninga må aukast slik at det blir mindre belastning på den enkelte tilsette.

Ved å utføra tenestene i eigen regi, vil me unngå at stadig meir av ressursane går med til anbodsarbeid og kontrolloppgåver. Den beste velferda blir skapt av trygge og kompetente tilsette som har ein god arbeidskvardag. Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar gode velferdstenester.

SV ønskjer å gjennomføra ein tillitsreform i kommunen. Me vil kjempa for meir tillit til fagfolk og mindre bruk av tidkrevjande byråkratiske kontrollrutinar. Me vil fjerna unødvendig rapportering og måling, og gje tilsette meir rom for å gjera ein god jobb.

SV vil ha ei prøveordning med 6-timars arbeidsdag. Dette har vist seg å vera svært vellukka der det har blitt forsøkt. Produktiviteten har auka, og det har blitt enklare å kombinera heiltidsstilling med familie og fritidsinteresser.

Svart arbeid og sosial dumping er skadeleg for samfunnet. Bedrifter som juksar kan vinna kontraktar og utkonkurrera dei gode, seriøse bedriftene. Då taper me alle. Time må gå i spissen ved å få dokumentert at alle som utfører tenester for kommunen gjer det på rett vis.

Kommunen skal også vera ein ansvarleg oppdragsgivar og sørge for at arbeidstakarar har gode arbeidsvilkår. Dette inneber at alle oppdragstakarar har tariffavtalar.

SV vil:

- auka grunnbemanninga innan helse og omsorg, barnehagar og skular, og ha fleire faste og heile stillingar
- at heiltidsstilling skal vera ein rett for alle som ønskjer det. Me vil skapa ein heiltidskultur i samarbeid med dei tillitsvalde i kommunen
- ha forsøk med sekstimars arbeidsdag med full lønnskompensasjon
- ha vikarpoolar med faste tilsette
- redusera bruken av mellombelse stillingar og vikarar til eit minimum

- samarbeida med fagrørsla om tiltak for å auka kompetansen og bidra til etterutdanning av kommunalt tilsette
- arbeida for fleire lærlingplassar i Time
- at Time kommune skal vera ein god arbeidsgjevar som har tillit til medarbeidarane sine
- kjempa mot alle former for svart arbeid og sosial dumping
- ha ein god personal- og seniorpolitikk for dei tilsette i kommunen
- at alle serveringsstader i kommunen skal betala dei tilsette minst den lovfesta minstelønna for å få skjenkeløyve

9. Eit sterkare fellesskap og levande lokaldemokrati

Kommunen skal gje gode velferdstenester og ingen skal kunna tena seg rike på offentlege tenester. SV er imot profitt på velferd. Fellesskapet sine pengar skal gå til fellesskapet sine oppgåver. Derfor ønskjer me at kommunen skal ta meir ansvar og driva dei offentlege tenestene sjølv, framfor å setta dei ut til private kommersielle aktørar.

Time SV vil jobba for ein trygg økonomisk og ansvarleg styring av kommunen. Me vil ta vare på dei kommunale bygga med har og ikkje gjera investeringar som i neste omgang vil føra til kutt i tenestetilbod.

Time SV ønskjer at dei som har mest også skal bidra mest til fellesskapet. Kor mykje kommunen får i inntektsskatt er det staten som avgjer. For å styrka kommuneøkonomien og velferdstenestene i Time vil me heller innføra eigedomsskatt med eit høgt botnfrådrag enn å auka avgiftene for alle. Skal Time kommune fortsetta å vera ein god kommune å bu i, er det viktig med god økonomi. Samtidig vil eigedomsskatt også vera med på å dempa veksten i bustadprisar og dermed gjera det lettare for unge å koma inn på bustadmarknaden. Med eit høgt botnfrådrag vil dei mindre og rimelege bustadane bli skjerma. Time SV vil heller ha ein slik gradert skatt enn flate og usosiale skattar som for eksempel bompengar.

SV vil:

- at kommunen skal driva renovasjon og andre offentlege tenester sjølv
- ha kommunale kjøkken som produserer mat for barnehagar, skular og omsorgsinstitusjonar
- styrka kommuneøkonomien gjennom eigedomsskatt med eit høgt botnfrådrag, heller enn å kutta i viktige offentlege tenester eller auka avgiftene for alle

Levande lokaldemokrati

Time SV vil at innbyggjarane skal ha makt over utviklinga i kommunen. Det skal vera lett å påverka, og kommunen skal leggja til rette for deltaking. Informasjon om dei politiske prosessane skal vera lett tilgjengeleg og uttrykt på eit klart og forståeleg språk.

SV vil at vegen mellom innbyggjarar og folkevalde skal vera kort. Det er eit mål at alle innbyggjarane og heile kommunen er representert i dei folkevalde organa. Me vil motverka sentralisering av tenestene og makta i kommunen. Time SV seier nei til kommunesamanslåing, fordi det inneber sentralisering av makt og lengre veg mellom innbyggjarar og folkevalde.

Dei pengesterke aktørane har i dag for mykje makt over politiske avgjerder. SV vil særleg lytta til og be om råd frå grupper som elles sjeldan blir høyrte, som ungdom og folk med låge inntekter.

SV vil

- ha enkelt tilgjengeleg informasjon om dei politiske prosessane, på eit klart og tydeleg språk
- seia nei til kommunesamanslåing, og heller auka enn redusera talet på folkevalde
- ha ei meir direkte folkevald styring over interkommunale samarbeid og kommunalt eigde selskap
- ha ei eigarstyring av Lyse som har som mål å sikra låge straumprisar
- styrka ordninga med ungdomsråd, slik at rådet får meir reell makt
- motverka hemmelegghald, skjulte nettverk og korrupsjon